



Arkivsaknr.:  
2014000638-72

Arkiv  
K1 - 020, K3 - &17,  
K3 - &23

Sakshandsamar  
Jan Olav Åsarmoen Møller, 959 84 656

Dato  
29.05.2016

## Prosjektrapport for utgreiingsfasen

Aurland kommune vedtok 12.02.2015, sak 006/15, opplegg for arbeidet fram mot endeleg vedtak om ny kommunestruktur. Arbeidet skal delast i fleire fasar: Sonderingsfasen, utgreiingsfasen, debattfasen og gjennomføringsfasen. Det ligg føre prosjektplan for sonderingsfasen av 12.02.2015, prosjektrapport for sonderingsfasen av 07.12.2015, og prosjektplan for utgreiingsfasen av 25.02.2015.

### Fylgjande mål vart fastsett i prosjektplan for utgreiingsfasen:

#### Mål

1. Avgjera kva alternativ det er aktuelt å ta vidare inn i ein utgreiingsfase
2. Avgrense til maksimalt tre alternativ etter ein overordna gjennomgang
3. Utarbeide mandat for utgreiingsfasen

#### Alternativ

1. Forhandle om intensjonsavtalar med
  - a. Voss/Vik
2. Sondering med Årdal og Lærdal
3. Utgreiing av konsekvensar av å halde fram åleine.

#### Effektmål

1. Vurdera resultatata av intensjonsavtalar og alternativ om å halde fram åleina opp i mot ekspertutvalet sine kriterar for framtidig kommunestruktur
2. Grunnprinsipp for forhandlingar om intensjonsavtale:
  - Det skal framleis vera arbeidsplassar knytt til stadbundne tenester i kommunen, og at dei administrative funksjonane bør sikrast gjennom ei funksjonsfordeling. Aktiviteten på dette området i Aurland skal stimulerast gjennom å vera eit lokalt knutepunkt ved bruk av servicetorg, desentraliserte kommunehus funksjonar og plassering av publikumsretta tenester som det er naturleg ligg desentralt.
3. Fange opp relevante haldningar, kjensler og realistiske moglegheiter

#### Prosessmål

1. Sikre at innbyggjarar og avgjerdstakarar kjenner seg trygge på at relevante omsyn blir teke med i arbeidet med intensjonsavtalar
2. Sikre godt nok grunnlag for rådgjevande folkerøysting
3. Sikre god dialog i prosessane fram mot avgjerd

#### Aktivitetar

1. Ein kommune bygd på eit framtidig felles bu- og arbeidsområde for kommunane Aurland, Vik og Voss.
2. Utgreiing av konsekvensar av å halde fram åleine.
3. Gjennomføre grendamøter før folkerøysting.
4. Medverknad
5. Gjennomføring av rådgjevande folkerøysting
6. Avgjerd om gjennomføring av ei eventuell samanslåing, eller halde fram åleine.

Nedanfor blir det presentert status for kva for tiltak som er gjennomført før ei vurdering av korvidt me har nådd effektmåla og utrykte suksesskriterie:

### Tidsplan - prosjektplan

Kva	Tid*	Status	Merknad
Framforhandling av intensjonsavtal	Januar/Februar 2016	Utført	Intensjonsavtale med Voss og Vik framforhandla
Utgreiing av å halde fram åleine	20.01.2016	Utført	Telemarksforsking
Grendamøter + involvering av innbyggjarar	Februar/mars/april 2016	Utført	27/4 Gudvangen og Undredal 28/4 Flåm og Vassbygdi 9/5 Aurlandsvangen
Folkerøysting	Mai 2016	Utført	23 mai

#### Konklusjon:

Det har i utgreiingsfasen vore utarbeidd intensjonsavtale med Voss og Vik som grunnlag for folkerøystinga. I tillegg har telemarksforsking utarbeidd utgreiing av å halde fram åleine. Det vart utarbeidd eit omfattande informasjonsmaterieil som vart sendt ut til innbyggjarane, samt gjort tilgjengeleg på heimeside. Det vart gjennomført fem grendamøter og til slutt rådgjevande folkerøysting. Dette dannar grunnlag for at kommunestyret kan ta endeleg stilling til kommunestruktur.

Jan Olav Åsarmoen Møller  
rådgjevar